

Referat frå foreldremøte for 6.klasse

- 20.april 2015

Føresette frå 9 heimar møtte til foreldremøte.

1. Val av klassekontaktar for neste skuleår:
 - Eirin Misje representerer klassen i FAU.
 - Jorunn Moen er klassekontakt.
2. Gjennomgang av Radøy kommune sin *plan for skule-heim samarbeid*. Her følgjer nokre utdrag frå planen:
 - *Samarbeid heim - skule er eit gjensidig ansvar, men det er skulen som skal ta initiativ til og leggje til rette for samarbeidet.*
 - *Eit godt samspel er avhengig av at begge partar kommuniserer tydeleg,*
 - *Det er skulen sitt ansvar å gje dei føresette naudsynt informasjon om skulen sine oppgåver, planar og mål, slik at dei føresette kan vere reelle medspelarar.*

Kort presentasjon av klassekontaktane sine oppgåver:

- Bindeledd mellom heim-skule
 - Medlem i FAU
 - Førebu foreldremøte med kontaktlærar
 - Skriva referat frå foreldremøta
 - Haustr: Samarbeidsmøte med lærar og adm.
 - Vår: Ansvar for at ein vel nye klassekontaktar kvar vår, og at desse vert informert om sine oppgåver.
3. Presentasjon av hovudresultata frå **elevundersøkinga 2015**. Her er det elevane i 5.-7.klasse som har svara.
Mange fleire som svarar positivt på:
 - Støtte frå lærarane
 - Vurdering for læring
 - Læringskultur
 - Elevdemokrati og medverknad
 - Relles reglar
 - Trivsel

Dei to siste åra har me sett forbetring i våre resultat her, og i år er resultatata godt over landsgjennomsnittet. Det er me stolte av.

Nokre svara negativt på manglande faglege utfordringer. Dette er noko me lærar skal ha fokus på framover, både på team og i klasserommet.

4. Førebyggjande arbeid ved skulen:

- Elevsamtalar + «kvardagssamtalen»
- «Det er mitt val»
- Felles zerosamling og zeromål kvar månad.
- Tiltaksplan dersom me mistenker mobbing
- Sosiogram
- Vakt/observasjon
- Undersøkingar
- Reaksjon på uønska åtferd
- Kontakt med heim

5. Status i klassen, fagleg og sosialt, april 2016:

Fagleg kompetanse:

- Les: God utvikling. Jobbar mykje med lesestrategiar og leseforståing. Lesekvarten heime kvar dag er svært viktig for alle.
- Skrive: Flott utvikling på innhald og lengde på tekstar. Jobbar med rettskriving og teiknsetjing.
- Rekne: Flott utvikling. Jobbar no intensivt med oppstilt divisjon og multiplikasjon.
- Munnleg: Alle har munnlege presentasjonar for klassen, men fleire kan visa kva dei kan i den daglege klassesamtalen.
- Digital: Svært god utvikling.

Sosial kompetanse:

- Trivsel: I høve til observasjon, samtalar og undersøkingar trivst elevane godt i klassen.
- Mobbing: Eelevundersøkinga viser ingen indikasjonar på at det er mobbing i klassen.
- Arbeidsmiljø: må bli betre. Fokus på at skulen er din arbeidsplass.
- Åtferd: God.
- Orden: Dette jobbar alle med, men på ulikt nivå. (bøker, skulesakar, utstyr ol)

6. Lesestimulering:

- Presentasjon av kompetansemåla i lesing etter 7.klasse.

I 6.klasse fokuserer me no på innhaldsforståing i alle fag:

- Lesa for å læra☺
- Læringsstrategiar.
- Ulike typar lesing.
- «Jakta i ein tekst»
- Læreverk i leseforståing
- Diskutera tekstar i grupper.
- Lesa mellom linjene. Dette er ei utfordring for mangel!

7. Diverse:

*Kort presentasjon av nokre ekskursjonar og aktivitetar denne våren:

- før 17.mai: Boss-plukking (5.-7.kl)

--Sykkeldag (5.-6.kl)

Uteskule

*Foreldra skal arrangera ein overnattingstur for klassen.

Meir informasjon om dette vil koma☺

*foreldra ville samle inn telefonnr til forelda i klassen.

- Minnar om at fau arrangere kurs med Barnevakten 24 mai. Kl 19-21 på Hordabø skule. Teamet er Digital mobbing

Hordabø skule, 02-05.16.

Torill Myrtveit Fjeld (referent)

